



H Sandvik AS
Galteråsen 4
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1328 - 16/13033

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/23 Isdal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.04.2016.

Søknaden gjeld oppføring av midlertidig plashall i 3 år.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opplysningar/dokumentasjon om søknad om legging av rør/borehol frem til tilkoplingspunktet for offentlig leidning.

Det er ikkje lagt ved eigen søknad om legging av rør/borehull frem til tilkoplingspunktet for offentlig leidning. Manglande søknad for tiltak etter plan-og bygningsloven var avvisninggrunn, pkt. 5, i Sak 16/98.

Vi forstår det slik at det i tillegg til oppføring av midlertidig plashall, så er det også søkt om løyve etter plan- og bygningsloven til legging av rør/borehol frå butikk/forretningsbygg frem til tilkoplingspunktet for offentlig leidning ved at det er erklært ansvarsrett for AS Haugland VVS for PRO vedrørende Prosjektering av sanitærinstallasjonar og UTF for sanitær, varme og slukkeinstallasjonar.

Ansvarleg søkjar må sende inn nødvendige teikningar/situasjonskart for rørtrase frå butikk/forretningsbygg fram til tilkoplingspunktet for offentlig leidning, sjå tilsvarande kart lagt ved rørleggjarmelding av 18.11.2015 frå AS Haugland VVS i sak 16/98.

Det må dokumenterast korleis vedlikehald og reparasjon av avløpsleidning under den midlertidige plashallen skal gjennomførast.

Til orientering, så vil det ved løyve vil det settast vilkår om slamavskiljaren skal fjernast.



2. Utnyttelsesgrad må opplysast.
3. Tiltaket er søknadpliktig etter plan- og bygningsloven og råkar arbeidsplassar. Ansvarleg søker må innhente samtykke frå Arbeidstilsynet før byggesak kan handsame søknaden, Byggblankett 5177 med vedlegg, jf. Arbeidsmiljøloven § 18-9.

Det er søkt om dispensasjon frå kommunedelplan Knarvik-Alversund 2007-2019 for kravet om utarbeideing av ny reguleringsplan, jf. føresegn 2.3.13 og 2.3. Det er søkt om dispensasjon frå vegloven frå kravet om byggegrense.

Statens Vegvesen har i skriv av 11.05.2016 gitt dispensasjon for 3 år for oppføring av plashall med en avstand på 20 på vilkår.

Søknadene om dispensasjon er sendt på høyring med kopi til dykk.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 03.06.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
Avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindåsvegen 153 AS v/Nordhordland Lindåsvegen 153 5916
Elektro AS

ISDALSTØ

Mottakarar:

Mottakarar:
H Sandvik AS

Galteråsen 4

5916

ISDALSTØ